

Rådmannsutvalget

Referat

Møtetidspunkt: 10.05.201 kl. 09.00 – 13.00

Delatakarar: Jan Egil Fossmo (leiar), Elin Fjeldberg (fram til og med velferdsteknologiprojektet), Ivar Bø, Solveig Nymoen, Halvor Nissen, Heidi Skaug, Frode Damstuen, Ola Helstad (ref).

Møtestad: Lom kommune, kommunestyresalen

SAK	TEMA/SAK
19/2019	Godkjenning av innkalling/saksliste, samt referat frå møte den 5 april 2019 <i>Innkalling, sakliste og referat godkjent.</i>
20/2019	Aktuelle høyringar Kommunelovens økonomibestemmelser 6 k økonomi v/leiar blir utfordra på å vurdere om dei finn det formålstenleg (ut i frå kost-/nyttevurdering) å gje uttale i saka vedr kommunelovens økonomibestemmelser. Dersom 6 økonomi ynskjer at det skal gjevast uttale blir 6 k økonomi utfordra på å lage saksframlegg som kan nyttast av kommunane. <i>Leiar i RU tar opp saka med leiar i 6 k økonomi. Vurderinga frå 6k økonomi blir meldt attende til leiar i RU.</i>
21/2019	Velferdsteknologiprojektet Innleiingsvis orienterte dagleg leiar ved regionkontoret om status for prosjektet. Alle kommunar har/eller er i ferd med å gjera nødvendige vedtak for tilslutning til prosjektet. Grunnlaget for å rekruttere prosjektleiar er derfor til stades. Etter avtale med Skjåk kommune er Inger Helene Brandsar midlertidig rekruttert i 20 % stilling i prosjektet m.a. med ansvar for koordinering mellom nasjonalt nettverk og vår region. RU er styringsgruppe for prosjektet. Elin orienterte om prosess i Sel kommune med vekt på organisering og erfaringar frå arbeidet med implementering av velferdsteknologi innan pleie og omsorg. Blant sentrale utfordringer var betydning av forankring, deling av erfaringar og kunnskap nemnt særskilt. <u>Oppsummert- vidare arbeid og oppgaver:</u> <i>Kvar enkelt kommune arbeider med eigen organisering opp mot det regionale prosjektet. Status for dette blir gjeve i neste RU. Kvar kommune får i oppdrag å oppnemne kontaktperson i eigen kommune og melde dette til prosjektleiar innan utgangen av 20 mai. Regionsjef har ansvar for rekruttering av prosjektleiar. Grunnlag for utlysing og stillingsinnhald for prosjektleiar blir forelagt RU som styringsgruppe. Blant oppgavene til prosjektleiar er å etablere kontakt med kontaktpersonar i den enkelte kommune. Vurdering av felles samling for involverte (målgruppe: involverte i den enkelte kommune) i kommunane tidleg til hausten er ynskjeleg.</i>

22/2019	<p>6k mandat og RU</p> <p>Leiar i RU innleia og viste til tidlegare drøftingar i saka. Arbeidsgruppa som var nedsett oppdaterte i høve sitt arbeid. RU ser verdien av faglege og administrative samarbeidsorgan på sentrale fagområde i regionen og ynskjer å arbeide vidare med utfordringa. RU gjorde ein kort gjennomgang av mandata som er gjeve. Arbeidsgruppa orienterte om attendemelding frå dei ulike 6 k samarbeida der attendemeldinga er at desse samarbeidsorgana er verdifulle for deltakarane. RU ser behov for gjennomgang og forsterking av grunnlaget for dei ulike samarbeidsorgana. Det er understreka at ingen av 6 k samarbeida har delegert mynde til avgjerd i saker og at desse samarbeidsorgana arbeider med oppgaveløysingar på vegne av RU.</p> <p><i>For å underbygge og forsterke samarbeid om vesentlege oppgåver på viktige tenesteområde ynskjer RU at m.a. følgjande moment blir vurdert i høve konkretisering av mandat og handlingsrom for 6 k-samarbeida.</i></p> <p><i>Legge til rette for kompetansebygging, erfaringsutveksling, samordning av oppgåver som bygger opp under tenester i eigen kommune og kommunane i fellesskap i regionen.</i></p> <p><i>Arbeide med oppgåver som er tildelt av RU.</i></p> <p><i>Vurdering av tiltak for kostnadseffektive møte og møteformer som t.d. skype.</i></p> <p><i>Utvikle god struktur og dialog med RU</i></p> <p><i>Arbeidsgruppa som er oppnemnt (I RU –møte Lesja 5 april 2019) arbeider vidare med utforming av mandat og arbeidsmetodikk for dei ulike samarbeidsorgana.. Heidi leiar arbeidsgruppa.</i></p> <p><i>Avslutningsvis vart arbeidsmetodikk i RU drøfta. Det punktet vil bli tatt opp att ved seinare høve.</i></p>
23/2019	<p>Folkevaldopplæring</p> <p>Leiar i RU innleia. Oppgåva er å identifisere aktuelle regionale samordna tiltak for folkevaldopplæring. Oppdatering frå status frå den enkelte kommune vart gjort. Det blir arbeidd med KS grunnpakke i alle kommunar.</p> <p><i>Blant aktuelle felles opplæringstiltak vart nemnt:</i></p> <p><i>Eigarskapsrolla – skolering av folkevalde i rolla som styrerepresentantar (i AS og i interkommunale samarbeid med folkevald repr.)</i></p> <p><i>Kraftinteresser, eigedomsskatt, krafteigarskap med kommunale interesser</i></p> <p><i>Kommuneøkonomi generelt</i></p> <p><i>Leiar i RU oppdaterer arbeidsutvalet på vidare arbeid med felles folkevaldopplæring.</i></p>
24/2019	<p>Ymse</p> <p><u>Erfaringsdeling og kompetanseoverføring</u></p> <p>Ola innleia. Det er forståing for at RU kan og skal nytte RU som arena for kompetansebygging og erfaringsdeling. Det blir prøvd ut at vertskommunen for møtet orienterer om sak, tiltak og prosjekt som er av interesse for dei andre kommunane. Sakene blir varsla til leiar i RU slik at</p>

den blir med på innkallinga.

Evaluering av felles formannskapsmøte.

Ola tok opp ynskje om evaluering av felles formannskapsmøte (med utg.punkt i nyleg møte/men og erfaring frå tidlegare møte).

RU meiner at tema for slike dagar, forankring og involvering frå kommunane er viktig.

Samordning og utfordring av driftsnivå på interkommunale samarbeid

Ola innleia og viste til tidlegare initiativ og drøftingar vedr. dette temaet. Det er vesentleg å skape forståing for øk.ramme og utvikling av desse innan vertskommunesamarbeid i regionen. Alle samarbeid er regulert gjennom avtaler og vedtak i den enkelte kommune. Det vart understreka at struktur som etablert knytt til desse er gjeldande og at det er med utgangspunkt i desse ein skal arbeide med forankring og forståing.

RU er opptatt av desse samarbeida blir tilsvarande utfordra på tiltak for å imøtekoma krav om økonomiske kutt/inntektsauke på same måte som kommunane må gjera innan eige budsjett. Det blir arbeid med 3 % kutt i driftsramme for alle interkommunale samarbeid for komande budsjettprosess.

KS rådmannsutvalg og distriktsindeksen

Ola orienterte. Element i rapport frå Telemarksforskning og forslag til samansetning av distriktsindeks er vurdert til å slå negativt ut for våre kommunar og distriktskommunar generelt.

KS har varsla at det vil bli ein eigen fagdag vedr dette i løpet av hausten.

Styremedlem i IKA Oppland frå vår region

Jfr tidlegare drøftingar.

Skjåk kommune sørger for oppnemning av repr..